



Arkivnr: 2014/928-2

Saksbehandlar: Inge Edvardsen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		09.04.2014

## Rv 7 - Omklassifisering til fylkesveg Bruravik - Hardangerbrua i Ulvik Herad

### Samandrag

Etter opninga av Hardangerbrua vart ferjesambandet på riksveg 7/ riksveg 13 nedlagt. Vegen mellom den noverande rundkøyringa i Vallaviktunnelen og ferjekaiaen fekk då ein endra funksjon grunna endringa i køyremønsteret. Som ei følgje av dette er det naturleg å endre klassifiseringa av vegstrekninga frå riksveg til fylkesveg, og strekninga vert ein del av fv 572.

Fylkesrådmannen sluttar seg til tilrådinga frå Statens vegvesen.

### Forslag til innstilling/vedtak/avgjerd

1. Fylkesutvalet tilrår at 4,7 km av tidlegare riksveg 7/13 vert omklassifisert til fylkeskommunal veg frå rundkøyringa i Vallaviktunnelen til og med ferjekaia på Bruravik.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå eventuell avtale med Statens vegvesen om framtidig drift og vedlikehald av den delen av omklassifisert veg som ligg i Vallaviktunnelen.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 17.03.2014**

Statens vegvesen sender i brev av 24. juli 2013 si tilråding til omklassifisering frå riksveg til fylkesveg av ei strekning av riksveg 7/13 frå rundkøyringa i Vallaviktunellen til og med ferjekaia på Bruravik til fylkeskommunal veg.

**Bakgrunn for saka**

Statens vegvesen rår til å omklassifisere strekninga frå rundkøyringa i Vallaviktunellen til og med ferjekaien på Bruravik til fylkesveg. Hardangerbrua erstatta ferjesambandet Bruravik – Brimnes, då vart denne delen av vegen sin funksjon endra og det er naturleg å endre klassifikasjon på denne strekninga. Ferjekaiene i Bruravik og Brimnes skal ikkje oppretthaldast, heller ikkje som beredskapskai. Sjølve ferjeleimen skal demonterast og flyttast. Etter veglova § 7, 1. avsnitt skal fylkeskommunen uttale seg før departementet kan fatte vedtak om omklassing frå riksveg til fylkesveg.

**Fylkesrådmannen sine merknader**

Frå rundkøyringa i Vallaviktunellen til ferjekaien i Bruravik er ein vegstrekning på 4,7 km, ca 400 m av strekninga går i tunell som ei forlenging av Vallaviktunellen. Fylkesrådmannen føreset at før fylkeskommunen overtek den omtalte strekninga vert vegen opprusta til gjeldande standard for riks- og fylkesvegar.

Ferjekai og vegen frå kryss fv 542 vil ikkje ha nokon funksjon som fylkesveg. Ulvik herad har meldt sin inteteresse for ferjekaiarealet i samband med sin arealplanprosess, og har hatt innleiande samtalar med Statens vegvesen for å starte opp ein prosess kring avhending av arealet. Når det gjeld status for sjølve ferjekaia vil fylkesrådmannen drøfte dette med Statens vegvesen og Ulvik herad og eventuelt kome attende med dette.